



Utvalg: Kontrollutvalet i Tysnes kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune
Dato: 08.02.2017
Tidspunkt: 10:00 – 12:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Lars Enes	Patrick Russel Madsen	KRF
Arne Onarheim	Magne Ivar Fauskanger	H

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hord. f.kom. – sekretariat for kontrollutv.
Erlend Haug	Rekneskapsrevisor i Deloitte AS
Aud Kaldefoss	Oppvekstsjef (Sak PS 4-5/17)

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 3/17	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2016		2016/73
PS 4/17	Orienteringssak om etikkarbeid i Tysnes kommune		2016/68
PS 5/17	Kurs i regi av Deloitte 2017		2015/1
PS 6/17	Møteplan for kontrollutvalet for 2017		2016/35
PS 7/17	Årsmelding for kontrollutvalet i Tysnes kommune for 2016		2016/72
PS 8/17	Referatsaker		
RS 1/17	Vedtak i kommunestyret vedr. Plan for selskapskontroll 2016 - 2020		2015/197
RS 2/17	Revidert Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020		2015/196
RS 3/17	Vedtak i kommunestyret vedr. Plan for forvaltningsrevisjon		2015/196
RS 4/17	Rekneskap kontrollutvalet 2016		2016/45
RS 5/17	Budsjett kontrollutvalet 2017		2016/45
PS 9/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 10/17	Eventuelt		

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til protokoll frå møte 22.11.16.

Vedtak:

Protokoll frå møte 22.11.16. vart godkjent

PS 3/17 Deloitte presenterer interimsrevisjonsrapport for 2016

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2016 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Deloitte AS v/ Erlend Haug presenterte interimsrevisjon for 2016, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2016 frå Deloitte til orientering.

PS 4/17 Orienteringssak om etikkarbeid i Tysnes kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Oppvekstsjef Aud Kaldefoss orienterte om etikkarbeidet i Tysnes kommune. Ho var innom desse områda:

- Ethiske problemstillingar er ofte framme i personalsamanheng, td. som tema i utvida leiarmøte, samt etatvise leiarmøte.
- Kommunen har hatt særskilt merksemd på kva ein må vera merksam på innan sosiale media
- Lojalitet ift. ytring

Utvalet reflekterte og omkring nokre etiske problemstillingar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 5/17 Kurs i regi av Deloitte 2017

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Ordførar og rådmann hadde på førehand spelt inn «Offentlege anskaffelsar» som aktuelt tema. Utvalet støtta val av dette temaet.

- Arbeidsdato for kursdag er 20. april -17.
- For utvalet vert kursdagen eit alternativ til ordinært møte i april.
- Ønskje om at både Deloitte AS og innkjøpsansvarleg Helge Drange kan bidra.
- Deloitte ser på det lovmessige.
- Innkjøpsansvarleg kan orientera om praktisering i Tysnes kommune. Gjerne og drøfting omkring tema som:
 - lokale leverandørar og småkjøp – mulighetsrom.
 - rammeavtalar der ein somtid opplever at nokre enkeltkjøp kan vera dyrare innafor rammeavtalen enn ellers.
- Målgruppe for kurset og kor langt kurs det skal vera, vert å drøfta med kommuneadministrasjonen

Av øvrige tema var det ei viss interesse knytt til «Samfunnsansvar og antikorrupsjon». Avgjerd vart utsett til ein såg kor langvarig kurs om «offentlege anskaffelsar» vert, og såleis ser kor stor kurskvote det er igjen.

I punkt 3 vart føyd til: .. gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan offentlege anskaffelsar. Arbeidsdato 20. april -17.
2. Evt. eit kurs nr, 2 i 2017, vert å koma tilbake til
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

PS 6/17 Møteplan for kontrollutvalet for 2017

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2017:

Dato:	Merknad:
08.02.2017	Under avvikling
06.04.2017	
04.05.2017	
28.09.2017	
23.11.2017	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Tysnes kommune.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

I staden for ordinært møte i april, vert det lagt opp til å ha kursdag 20.04.17. (Sjå sak PS 5/17)

Kontrollutvalet sin budsjettsituasjon for 2017, jmf. referatsak RS 5/17, vart drøfta under denne saka. Det avdi dette påverkar utvalet sin aktivitet / møteaktivitet i 2017.

- Utvalet konstaterte at det ikkje er økonomisk rom for å gjennomføra forvaltningsrevisjon i Tysnes kommune i 2017.
- Utvalet såg på kostratal og budsjettal for kontroll og revisjonsarbeidet i ulike kommunar i Hordaland
- Evt. søknad om tilleggsøyving dersom det oppstår særskilt sak.
- Utvalet vil innstilla på budsjett for neste år, som sikrar gjennomføring av forvaltningsrevisjon i 2018. Lovkrav om årleg forvaltningsrevisjon vert integrert i saksframlegget, som kjem opp i utvalet sitt septembermøte i 2017.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2017:

Dato:	Merknad:
08.02.2017	Under avvikling
20.04.2017	Kurs / ikkje møte
04.05.2017	
28.09.2017	
23.11.2017	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Tysnes kommune.

PS 7/17 Årsmelding for kontrollutvalet i Tysnes kommune for 2016

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2016.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2016.

PS 8/17 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart samrøystes tekne til orientering.

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

RS 1/17 Vedtak i kommunestyret vedr. Plan for selskapskontroll 2016 - 2020

RS 2/17 Revidert Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

RS 3/17 Vedtak i kommunestyret vedr. Plan for forvaltningsrevisjon

RS 4/17 Rekneskap kontrollutvalet 2016

RS 5/17 Budsjett kontrollutvalet 2017

PS 9/17 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 10/17 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Tysnes kommune - 08.02.2017

Handsaming i møtet:

Folkevaldopplæring 2018.

- Sekretariatet lodda stemninga vedr. om det var interesse for folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland midt i valperioden, td. i januar 2018, tilsvarande den som var på Solstrand i januar 2016.
- Utvalet meinte opplæringa i starten av perioden var svært viktig, men at det ikkje var så viktig med ny samling halvvegs i perioden.
- Sekretariatet noterte seg dette, og opplyste vidare at kommunen sjølvsagt vil motta invitasjon dersom det vert arrangert slik opplæring, så kan ein vurdera deltaking ift. aktualitet når temaene er kjente.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.